

2014




**ÅRSMELDING FOR
UTVIKLINGSFONDET FOR
NAUSTDAL-GJENGEDAL
LANDSKAPSVERNOMRÅDE**

Forord

Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde blei oppretta i 2010 som eit felles fond for kommunane Gloppen, Førde, Naustdal og Jølster til næringsutvikling, fellestiltak og tiltak for ålmenta i landskapsvernområdet.

I fylgje § 5 i vedtektene for utviklingsfondet skal det årleg utarbeidast ein rapport til dei 4 kommunestyrane, der årets arbeide i fondet vert summert opp.



Årsmeldinga er utarbeidet av sekretæren for fondsstyret.

Sandane, februar 2015

Jeffrey Thomas
Leiar i styringsgruppa

Peter Andresen
Sekretær for fondsstyret

1 Administrasjon og organisering

Fondet blir styrt av eit felles folkevald nemnd, som består av kommunale representantar og grunneigarar frå dei fire kommunane. Styret har 9 medlemmer fordelt med 3 medlemmer frå Gloppen og 2 medlemmer frå kvar av dei andre kommunane. Grunneigarane har ein representant frå kvar av dei 4 kommunane. Førde kommune har pt. ikkje vald ein grunneigarrepresentant til styret.

Faste medlemmar av styret:

Namn	Kommune	Representerer
Helge Schei	Førde	Kommunen
	Førde	Grunneigarane
Jeffrey Thomas	Gloppen	Kommunen
Leidulf Rygg Bogstad	Gloppen	Kommunen
Nils Magne Gjengedal	Gloppen	Grunneigarane
Oddmund Klakegg	Jølster	Kommunen
Ragnhild Sæle	Jølster	Grunneigarane
Viggo Leikanger	Naustdal	Kommunen
Normund Svoen	Naustdal	Grunneigarane

Varamedlemmar av styret:

Namn	Kommune	Representerer
Siw Landro	Førde	Kommunen
	Førde	Grunneigarane
Sølvi Espeland Hope	Gloppen	Kommunen
Dagfinn Nyhammer	Gloppen	Kommunen
Arne Jostein Gimmestad	Gloppen	Grunneigarane
Judit Kapstad	Jølster	Kommunen
Jakob Andre Sandal	Jølster	Grunneigarane
Ole Erik Tingnes	Naustdal	Kommunen
Kjell Klopstad	Naustdal	Grunneigarane

Styret blir oppnemnd for kommunestyreperioden. Første oppnemning gjeld for 2011 og påfølgande kommunestyreperiode.

Leiarvervet går på omgang mellom medlemmane for 2 år av gongen. Noverande leiar er Jeffrey Thomas.

Gloppen kommune er vertskommune og utmarksforvaltar i Gloppen kommune, Peter Andresen, er sekretær for styret.

Styret har hatt ikkje hatt møter i 2014, då det frå styret sin side var vurdert som unødvendig på grunn av få disponible midlar. Tildelinga vart gjort som administrativt vedtak av sekretæren, etter e-post korrespondanse mellom styremedlemmane.

1.1 Vedtekseendringar

Styret føreslo i 2013 å endre vedtektene for fondet, slik at indeksreguleringa falt bort og det blei opna for å bruke av hovudstolen i ekstraordinære tilfelle. Sakutgreiing på dette blei sendt til dei 4 kommunestyrane, som behandla saka i laupet av 2014.

Det var semje i kommunestyrane om å fjerne indeksreguleringa, men ikkje om å opne for bruk av hovudstolen. På bakgrunn av dette er vedtektene revidert og sendt til kommunane. Samstundes vart det oppmode om, at dei reviderte vedtektene vart publisert på heimesidene til kommunane.

Ein anna sak som og var behandla i 2014 var oppretting av klagenemnd. Det var forslag om samansetje klagenemnda av ein representant frå kvar kommune, samt ein grunneigarrepresentant. Dette var godkjent i alle fire kommunestyrar. Samstundes vart kommunane oppmoda om å utpeike ein representant. Samansetjinga blei såleis:

Gloppen kommune:	Jan Erik Mardal
Jølster kommune:	Jakob Andre Sandal
Førde kommune:	Ole Johnny Stubhaug
Naustdal kommune:	Rådmann har fullmakt til å oppnemne ein representant
Grunneigarrepresentant:	Ikkje oppnemnt p.t.

2 Oversikt over søkjarar

Innan utløpet av søknadsfristen 15.03.14, kom der inn i alt 7 søknader om tilskot. Desse er kortfatta presentert i skjemaet nedanfor:

Søkjarar	Prosjekt	Kostnad	Søknadssum
Gimmestad/Moen Sameige v/ Jostein Arne Gimmestad	Gapahuk/Serveringsstad ved Langedalsvatnet	315.000	100.000
Nils Magnar Goplerud Rygg	Oppføring av dobbeltnaust i Traudalen, oppgradering av stølshus på Ryggjastøylen for utleige, innkjøp av 2 båtar og marknadsføring	295.687	206.980
Styringsgruppa for næringsutvikling i Naustdal-Gjengedal Ivo v/ Sigmund Vereide	Informasjonstiltak og prosjektering av fysiske velkomstpunkt	400.000	80.000
Rygg/Grov sameige v/ Kristen Grov	Buføringsveg i Traudalen	400.000	280.000
Fitje Grunneigarlag v/ Kristian Mardal	Restaurering av naust, etablering av sitteplass og oppgradering av rås	117.000	93.700
Hyen Røde Kors Hjelpekorps v/ Ola Henning Ommedal	Innkjøp av snøscooter og transporthenger	206.205	35.000
Hyen Natur og Friluft v/ Ola Jan Birkeland	Gapahuk på Byrkjeneset ved Storevatn	35.000	20.000
Sum		Kr. 1.768.892	815.680

3 Oversikt over tildelingar

Søkjar	Tilskot	Tilskot i % av budsjettert kostnad / omsøkt tilskot
Gimmestad/Moen Sameige v/ Jostein Arne Gimmestad	Kr. 77.000,00	24 % / 77 %
Sum	Kr. 77.000,00	

4 Oversikt over avslag

6 søkjarar fekk avslag på tilskott. Grunngevinga for nokre av avslaga var knytt til uavklarte spørsmål, som t.d. løyve til gjennomføring, noko som det kan ta lengre eller kortare tid å få avklaring på. Andre søknader fell utanfor føremålet med utviklingsfondet eller var i strid med verneforskrifta for landskapsvernområdet.

Dei 6 søkjarar som fekk avslag var:

- Nils Magnar Goplerud Rygg
- Styringsgruppa for næringsutvikling i Naustdal-Gjengedal Ivo v/ Sigmund Vereide
- Rygg/Grov sameige v/ Kristen Grov
- Fitje Grunneigarlag v/ Kristian Mardal
- Hyen Røde Kors Hjelpekorps v/ Ola Henning Ommedal
- Hyen Natur og Friluft v/ Ola Jan Birkeland



Gimmestad/Moen Sameige støyper fundament i Langedalen september 2014.

5 Oversikt over klager og resultatet av klagehandsaminga

Det kom ikkje inn klagar over tildelinga i 2014.

6 Utbetalte tilskot i 2014

Søkjjar	Tildeling	Delutbetaling	Attståande tilskot
Gimmestad/Moen Sameige v/ Jostein Arne Gimmestad	Kr. 77.000,00	Kr. 57.500,00	Kr. 19.500,00
Styringsgruppa for næringsutvikling i Naustdal–Gjengedal Ivo. v/Sigmund Vereide (tildeling 2013)	Kr. 160.000,00	Kr. 40.000,00	Kr. 0,00

7 Avslutta tilskotssaker

Tilskotsaka vedkomande Styringsgruppa for næringsutvikling i Naustdal–Gjengedal Ivo. v/Sigmund Vereide er avslutta i 2014. Prosjektet har avlagt rapport og lagt fram sluttrekneskap.

Øvre Naustdal Utmarkslag har gjennomført feltarbeidet og rapporten vil bli utarbeidet vinteren 2014/15. Slutsummen vil bli utbetalt når det ligg føre rapport og sluttrekneskap for tiltaket. Øvre Naustdal Utmarkslag har kr. 9.375,00 attståande i løyvd tilskot.

8 Rekneskap

Rekneskap for utviklingsfondet 2010-2014

Innbetalte midlar til utviklingsfondet 22.12.09	kr. 10 000 000,00
Renter 2010	kr. 251 000,00
Renter 2011	kr. 255 249,90
Renter 2012	kr. 286 820,62
Renter 2013	kr. 271 295,00
Tildelingar 2013	-kr. 308 125,00
Renter 2014	kr. 251.623,09
Tildelingar 2014	-kr. 97.500,00
<hr/> Innestående	<hr/> kr. 10.910.543,61

Løyvde midlar som ikkje er utbetalt Kr. 28.875,00

Med vedtektsendringane som vart gjort i 2014, fall indeksreguleringa bort. I 2015 vil heile renteavkastet frå 2014 på kr. 251.623,09 såleis være disponibel for utdeling.